



STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Vestland Fylkeskommune
(sendast kun på e-post)

Dykkar ref.

Vår ref.

Bergen, 19.05. 2021

Vedr. Detaljplan for fv 565 – ny bru over Alverstraumen - Alver kommune.

Forholdet til marine kulturminne – Resultat frå marinarkeologiske registreringar.

Vi viser til tidligare korrespondanse i saka. Museet varsla krav om marinarkeologiske undersøkingar i fråsegn dagsett 12.03. 2021.

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte 10.-12.05. 2021 dei marinarkeologiske undersøkingane i reguleringsområdet. Det vart nytta sonar og dykkarundersøkingar i området.

Konklusjonen frå undersøkingane er at det ikkje vart gjort funn som omfattast av Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, § 14.

Vi har elles ingen andre merknader til reguleringa.

Det er mogleg at det kan ligge kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med vennlig helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Eirik Herdlevær
Sakshandsamar marinarkeologi
marinarkeologi@museumvest.no

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen
E-post:
bergens.sjofartsmuseum@museumvest.no
Hjemmeside: <https://sjofartsmuseum.museumvest.no/>

Kontoradresse
Haakon Shetelig's plass 15
5007 Bergen
Telefon: 55 54 96 00

Bankgiro
1602 40 76168

Org.nr.
980 769 798 MVA